

ARBEIDSSTRUKTUR I UNGDOMMENS FYLKESUTVAL

Ungdommens fylkesutval består av sju faste medlemmar og fem varamedlemar. Praksis har vore at varamedlemar vert invitert til alle utvalsmøter og at kvart medlem med eit varamedlem er ansvarleg for eit satsingsområde kvar.

Ansvarsfordeling i UFU

Leiar og nestleiar:

- Høgste mynde i UFU
- Budsjett og rekneskap
- Dynamikken i utvalet
- Delegere ansvar
- Sørgje for framgang i arbeidet
- Møteleiing
- Representasjon
- Sakar utanfor eller overordna dei andre områda
- Avgjerd mellom møter som ikkje er av stor økonomisk eller prinsipielt betydning
- Saksliste og agenda
- Kontakt med politisk kontaktperson i HFK

Leiar for dei fire områda:

- Kontaktperson på sitt område
- Halde kontakta med utvalsleiar
- Sørgje for at sakar, planar og førespurnader innanfor sitt område vert handsama innanfor dei fristar som er satt.
- Halde seg oppdatert innanfor sitt område
- Delegere ansvar for området sitt
- Sørgje for at utvalet er informert om det som skjer på området
- Fremje aktuelle sakar for politikarar i sitt utval
- Skrive sakar til hjemmesida
- Ha kontakt med medlem og varamedlem som på sitt område

Medlemar og varamedlemar i utvalet:

- Kome førebudd til møta
- Bidra til arbeidet, særleg på eget område
- Halde seg oppdatert på eige område og på ungdomspolitikkk generelt.

Det nye styringsdokumentet i 2019 legg til grunn ein oppdeling på fire områdar; opplæring og helse, kultur, idrett og regional utvikling, miljø og samferdsel og eigen organisasjon. Områdene er vald på bakgrunn av dei tre politiske utvala i HFK, samt at det er naudsynt med eit fokus på eigen organisasjon.

UFU er delt inn i dei same områdene:

- Opplæring og helse: to medlemmar og eit varamedlem
- Kultur, idrett og regional utvikling: to medlem og eit varamedlem
- Miljø og samferdsel: eit medlem og eit varamedlem

- Eigen organisasjon: eit medlem og to varamedlem

Eit av medlemmane på kvart område vart vald som «leiar» for det området. Ansvarsområda for «leiar» kan ein sjå over.

Dette betyr at dersom det kjem ein sak til UFU angående Tannhelse så vert den sendt vidare til leiar for Opplæring- og helse, dei medlemmane som er ansvarleg for området, samt kopi til leiar og nestleiar. Leiar for Opplæring- og helse konfererer med si gruppe og delegerer ansvar for å skrive ein uttale, svar, osv til rette vedkommande. Det endelege utkastet til uttale vert tatt opp på neste UFU-møte, eller sendt ut på mail for tilbakemeldingar. Det betyr at det medlem som er ansvarleg for Kultur- og ressurs ikkje treng å tenkje på saka før den kjem som eit ferdig utkast til uttale.

